

Multi Prosjekt Team As  
Postboks 203, Løvås  
5865 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5287 - 22/55772

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
07.07.2022

## Førebels svar på søknad om riving av mur og oppsetting av ny - GBNR 108/514 Lindås

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 31.05.2022 og saka har saksnummer 22/5287.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesaksforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-1 bokstav m, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter § 20-1 bokstav m, som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	12 veker
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-1 bokstav m, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d.	3 veker

jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.	
--	--

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama. Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Roba Al Serhan

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Multi Prosjekt Team As

Postboks 203, Løvås

5865

BERGEN